



Bergen kommune
Postboks 7700
5020 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hugo Morken, 5557 2117

Lovlegkontroll – Bergen bystyre sitt vedtak i sak 128/20

Statsforvaltaren i Vestland viser til Bergen kommune si oversending av 23.07.2020. Vi er leie for at det har tatt lang tid å konkludere.

Vedtak

Bergen bystyre sitt vedtak i sak 128/20 vert oppheva.

Bakgrunn for saka

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a søkte Brann Stadion AS, organisasjonsnummer 962 141 935, den 18.12.2019 om fritak for kommunal eigedomsskatt for eigedomane gnr. 162 bnr. 1224, og gnr. 162 bnr. 1371 snr. 2 i Bergen kommune. Søknaden vart behandla i Bergen bystyre sitt møte den 22.04.2020 (sak 128/20). Til møtet låg det føre ei saksutgreiing frå eigedomsskattekontoret (kemnaren), jf. fagnotat av 11.03.2020. Om bakgrunnen for saka vart det her mellom anna gjort greie for følgjande:

«Eiendom med gårdsnummer 162, bruksnummer 1224, Kniksens plass 1 er taksert til 159 210 000 kroner, med en årlig eiendomsskatt på 796 050 kroner. Eiendom med gårdsnummer 162, bruksnummer 1371, seksjon 2 er taksert til 25 090 000 kroner med en årlig eiendomsskatt på 125 450 kroner.

Eiendommene eies av Brann Stadion AS som har søkt om fritak for eiendomsskatt på bakgrunn av eiendomsskatteloven § 7 bokstav a om fritak for ideelle organisasjoner.

I henhold til selskapets vedtekter § 3 har det som formål å «drive og utvikle fast eiendom og hermed står i forbindelse. Selskapet kan også delta i andre selskap». I henhold til vedtektene § 7 kan generalforsamlingen vedta å gi utbytte. Gjeldende vedtekter følger vedlagt. I 2018 ble det gitt utbytte på 70 137 000 kroner.

Selskapet eies i sin helhet av Sportsklubben Brann. I Foretaksregisteret er Sportsklubben Brann en forening med idrettslag og -klubber som næringskode og ideelle organisasjon som institusjonell sektorkode. Det er ingen som har direkte eierinteresser i organisasjonen.



[...]

Økonomisjef hos Brann Stadion AS, Bjarte Eikeland, opplyste per telefon 7.2.2019 at utbyttet i 2018 kun var en regnskapsteknisk disposisjon i forbindelse med leieforhold. Han opplyste også at det kun er formelle forhold som gjør at det er opprettet et aksjeselskap som eier eiendommene, og at det vil være aktuelt for dem å endre vedtektene for Brann Stadion AS slik at det fremgår klart at selskapet ikke har økonomisk overskudd som formål.

Sportsklubben Brann sine aktiviteter er i all hovedsak knyttet til elitelaget Brann, slik som treninger, reiser, kamper, markedsføring, salg av billetter med mer. I tillegg til elitelaget driver Sportsklubben Brann gatelaget, stjernelaget, brannsjansen, senior-/veteranlag, samt Brannakademiet for yngre spillere.

Stjernelaget er et fotballtilbud for utviklingshemmede og andre som av ulike grunner faller utenfor vanlige fotballag og har trening en gang i uken. Gatelaget er et rusfritt lavterskeltilbud for rusavhengige som møtes to dager i uken fra kl. 09.00 til 13.00, hvor man har treninger, sosialt samvær og felles måltider. Det er ikke knyttet inntekter til dette tilbudet.

Sportsklubben Brann driver også fritidsordning for barn fra 3. til 7. klasse som man kan benytte seg av inntil tre dager i uken. Å benytte seg av fritidsordningen koster fra 500 til 1100 kroner per måned ut fra antall dager man benytter seg av ordningen. Beløpet dekker kostpris. Vedlagt følger orientering som er sendt ut til skolene i nærområdet.

Disse aktivitetene foregår som hovedsak utenfor Brann stadion.

Videre er Sportsklubben Brann med i arbeidstreningsprogram i samarbeid med Bergen kommune og NAV sitt kvalifiseringsarbeid. Dette programmet kalles brannsjansen. Deltakere får ulike kurs for personlig utvikling og med individuell oppfølging, samt at deltakerne jobber med forfallent arbeid på Brann stadion. Brann jobber også med å finne relevante jobber og praksisplasser i eksterne bedrifter etter kurs og arbeidstrening er gjennomført. Deltakere får under arbeidstrening utbetalt sosialstønad fra NAV.

Brann har også et samarbeid med Barneklubben ved Haukeland universitetssjukehus hvor brannspillere besøker barn som er langtidspasienter, samt at klubben er meddeltaker i aktivitetskortet som tilbys av Bergen kommune.

Disse aktivitetene gir ikke økonomisk overskudd til klubben, men inntekter er med å dekke kostpris. Informasjon om de ulike aktivitetene finnes på <https://www.brann.no/samfunnsansvar/Samfunnsansvar/samfunnsprosjekter>.

Det er i all hovedsak elitelaget som bruker eiendommene til sine hjemmekamper, samt at innendørs treningsrom brukes utenom kamp. For øvrig trener også elitelaget på baner som ligger i tilknytning på eiendommen, men som ikke er en del av den.

Brannakademiet har tilgang til deler av treningsarealene som er innendørs. For øvrig drives alle andre aktiviteter, med unntak for arbeidstrening i hovedsak utenfor idrettsanlegget.



Deler av arealene leies ut som selskapslokaler, til skole, barnehage, butikk med mer. Det er bare de arealene som ikke leies ut som det søkes fritak for. I søknaden ligger oversikt over hvilke arealer som leies ut.

Takstene

Eiendommer skal takseres slik de fremstår 1. januar skatteåret. 1. januar 2020 var det registrert nybygg på eiendom med gnr. 162, bnr. 1371 seksjon 2 i matrikkelen. Seksjonen er i matrikkelen registrert som tribune og idrettsgarderobe og taksert som det. Samlet areal for bygg på denne eiendommen er 2 509 kvm. Takstnemnda har vurdert seksjonens indre og ytre forhold til å være ordinære. Vedtatt skattetakst utgjør 25 090 000 kroner med en årlig eiendomsskatt på 125 450 kroner. Vedlagte arealoppgave viser at 120 kvm av bygget har leieinntekter og utgjør ca. 5 %.

Resterende av Brann Stadion ligger på gnr. 162, bnr. 1224. På eiendommen er det registrert to bygg som samlet utgjør 15 308 kvm. Gressmatten anses som en del av tomten, og er ikke med taksten da tomt på bebygde næringseiendommer ikke takseres. Åpne tribuner på idrettsbaner blir heller ikke taksert.

Kvadratmeterprisen for «tribune og idrettsgarderobe» er 10 000 kroner per kvadratmeter. For de arealene som brukes til annet enn tribune og idrettsgarderobe er kvadratmeterprisen korrigert slik at de er i overensstemmelse med faktisk utforming og bruk. Eiendommens beliggenhet i sonen og nærhet til offentlig transport er ordinær og ytre faktor er satt til 1. Vedtatt skattetakst er på 159 210 000 kroner med 796 050 kroner i årlig eiendomsskatt. Det fremgår av arealoppgaven at 8908 kvm av bygget ikke har leieinntekter noe som utgjør ca. 58 % av arealet.»

Bergen bystyre gjorde i møte den 22.04.2020 (sak 128/20) følgende vedtak:

- «1. Bergen bystyre fritar for eiendomsskatt de deler av gnr. 162, bnr. 1224 som ikke har leieinntekter, med virkning fra 01.01.2020. Dette utgjør 62 % av arealet og gir med dagens takster et skattefritak på 493 551 kroner pr år.*
- 2. Bergen bystyre fritar for eiendomsskatt de deler av gnr. 162, bnr. 1371 som ikke har leieinntekter, med virkning fra 01.01.2020. Dette utgjør 95 % av arealet, og gir med dagens takster et skattefritak på kr 119 178 kroner pr år.*
- 3. Det settes som vilkår at vedtektene til Brann stadion AS endres, slik at det klart går frem at selskapet ikke har økonomisk overskudd som formål.*
- 4. Dersom eiendommene blir solgt, utleid til andre eller vilkårene for fritak fra eiendomsskatten på andre måter ikke lenger oppfylles, faller fritaket for eiendomsskatt bort.»*

Ved brev av 11.05.2020 har bystyrerepresentantane Odd Arild Viste, Chiku Ali og Sofie Marhaug sett fram krav om lovlegkontroll av vedtaket. Kravet lyder mellom anna som følger:

«På bakgrunn av vedtaket fattet i bystyret 22.4.2020 ber undertegnede bystyrerepresentanter om å kontrollere lovligheten av følgende forhold:

- a) Hvorvidt eliteseriefotball er å regne som en virksomhet «til fordel for kommunen», og dekker behov det offentlige ellers måtte utføre selv.*
- b) Hvorvidt løfter om endrede vedtekter kan ligge til grunn for behandlingen av fritak for eiendomsskatt, og hvorvidt «formål om overskudd» er god nok definisjon til å vurdere om en*



virksomhet er kommersiell eller ei.

c) Hvorvidt fritak for eiendomsskatt til eliteserielag skaper en uheldig presedens for fremtidige søknader om fritak for eiendomsskatt.»

Bystyret behandla kravet i møte den 24.06.2020. Vedtaket i sak 128/20 vart oppretthalde. Saka er etter dette sendt til Statsforvaltaren for behandling.

Om lovlegkontroll

Etter kommunelova § 27-1 første ledd kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman setje fram krav om at departementet skal kontrollere om eit kommunalt vedtak er lovleg. Kravet må vere sett fram innan tre veker etter at vedtaket vart gjort.

For kommunale vedtak er fylkesmennene delegert avgjerdsrett, jf. forskrift 30.08.2019 nr. 1096 om delegering av myndighet etter kommuneloven, pkt. IX.

Ved lovlegkontrollen skal det takast stilling til om innhaldet i vedtaket er lovleg, om det er gjort av nokon som har mynde til å gjere eit slikt vedtak, og om det har vorte til på ein lovleg måte, jf. kommunelova § 27-3. Lovlegkontrollen kan likevel avgrensast til det som er gjort gjeldande i kravet. Lovlegkontrollen kan berre omfatte dei offentlegrettslege sidene av vedtaket. Kommunen si utøving av forvaltningsskjønn kan ikkje prøvast. Dersom Fylkesmannen ved lovlegkontrollen kjem til at det er gjort slike feil som gjer vedtaket ugyldig, skal det opphevast.

Regelverk

Eigedomsskattelova § 7 bokstav a lyder som følger:

«Kommunestyret kan fritaka desse eigedomane heilt eller delvis for eigedomsskatt:

a) Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.»

Eigedomsskattelova opnar med dette for at ein kommune ved kommunestyret kan velje å fritaka eigedomar for eigedomsskatt når dei vilkåra som er sett er oppfylt. Dersom lovvilkår er oppfylte vil det vere opp til kommunen sitt forvaltningsskjønn om det skal givast fritak, og om fritaket skal givast heilt eller delvis. Kommunestyret sitt forvaltningsskjønn er likevel bunde av alminnelege forvaltningsrettslege reglar, under dette likskapsprinsippet og forbodet mot usakleg forskjellsbehandling.

Av føresegna går det fram at det er eigedomar «*åt stiftingar og institusjonar*» som kan fritakast for eigedomsskatt. Ei naturleg forståing av ordlyden er at eigedomen må vere eigd av eller tilhøyra ein slik organisasjon som føresegna nemner.

Omgrepet «*stiftingar eller institusjonar*» har i praksis vore forstått slik at det omfattar alle typar juridiske personar kor ingen har direkte eigarinteresser, under dette foreiningar. Finansdepartementet har i tidlegare fråsegnar lagt til grunn at også aksjeselskap kan givast fritak så lenge dei andre vilkåra i eigedomsskattelova § 7 bokstav a er oppfylt, jf. mellom anna fråsegn av 12.06.2003 referert i Utv. 2003 s. 1190. Etter departementet si oppfatning fell fysiske personar, enkeltmannsføretak og ansvarlege selskap med fysiske personar som deltakarar, utanfor lovas omgrep «*stiftingar eller institusjonar*».



Vilkåra for å kunne fritaka eigedomen frå eigedomsskatt er vidare at han tilhøyrar ei stifting eller institusjon «*som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten*». I den nemnde uttalen referert i Utv. 2003 s. 1190 uttala departementet følgjande om korleis vilkåra er å forstå:

«Eigedomsskattelova § 7 bokstav a oppstiller krav om at stiftelsen eller institusjonen må drive en virksomhet som er til fordel for en kommune, et fylke eller staten. Etter departementets oppfatning må spørsmålet om hva som skal anses som slik virksomhet baseres på en konkret helhetsvurdering. Ved denne vurderingen må en blant annet se hen til om stiftelsen/institusjonen utfører oppgaver som ellers måtte ivaretas av det offentlige, om stiftelsen/institusjonen har til formål å gå med overskudd, om stiftelsen/institusjonen deler ut utbytte til sine medlemmer og finansieringen av stiftelsen/institusjonen».

I den konkrete saka uttala departementet seg til spørsmålet om eigedomar nytta til barnehagar kunne fritakast for eigedomsskatt. Det vart uttala følgjande:

Når det gjelder barnehager må det legges vekt på at disse tjener et allmenntilgitt formål og ivaretar samfunnsfunksjoner som det offentlige har et særskilt ansvar for. I denne sammenheng vises det til lov 5. mai 1995 nr. 19 om barnehager (barnehageloven) § 7 første ledd hvor det framgår at kommunene har ansvar for utbygging og drift av barnehager.

Eigedomsskattelova § 7 bokstav a er etter departementets oppfatning ikke til hinder for at eiendommer tilhørende private "stiftingar eller institusjonar" som brukes til barnehager i offentlig eller privat regi, kan fritas for eiendomsskatt etter vedtak i kommunestyret. Forutsetningen er imidlertid at utnyttelsen av eiendommen ikke har som hovedformål å gi forretningsmessig overskudd. Under disse forutsetninger antar departementet at også eiendom som brukes av bedrifter til barnehager for de ansattes barn kan gis fritak.»

Etter ordlyden er det avgjerande kva den organisasjonen som eig eigedomen «*tek sikte på*», ikkje kva eigedomen vert nytta til.

Statsforvaltaren si vurdering

Vi fastslår innleiingsvis at kravet om lovlegkontroll er sett fram av nokon som har rett til å krevje lovlegkontroll, og at kravet er sett fram innan fristen.

Saka reiser spørsmål ved om vilkåra for å innvilge fritak for eigedomsskatt er oppfylt. Dette er avgjerande for om vedtaket er materielt riktig, det vil seie om det ligg føre eit vedtak med lovleg innhald.

Eigedomsskattelova § 7 bokstav a gir høve til å gje fritak frå eigedomsskatt for eigedomar til stiftingar eller institusjonar «*som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten*».

Dei to eigedomane som det er søkt om fritak for eigedomsskatt for, er eigde av Brann Stadion AS. Spørsmålet er derfor om Brann Stadion AS oppfyller dette vilkåret.

Etter ordlyden er det avgjerande kva den organisasjonen som eig eigedomen «*tek sikte på*», ikkje kva eigedomen vert nytta til. Eigedomsskattekontoret i kommunen har ved si vurdering av saka lagt til grunn at det ved vurderinga av om vilkåra er oppfylt er naturleg å sjå Sportsklubben Brann og Brann Stadion AS i samanheng. Dette er fordi Sportsklubben Brann er eineigar i Brann Stadion AS.



Eit spørsmål som saka reiser, er om det ved vurderinga av om vilkåra er oppfylt kan føretakast ein slik identifikasjon mellom Sportsklubben Brann og Brann Stadion AS. I samband med behandlinga av saka har Statsforvaltaren bede Finansdepartementet uttale seg for om lova opnar for ein slik identifikasjon mellom eit aksjeselskap som eig den aktuelle eigedomen, og ei foreining som fullt ut eig aksjeselskapet. Departementet har 08.04.2021 konkludert som følgjer:

«Etter en samlet vurdering mener departementet at bestemmelsen ikke åpner for slik indirekte eie. Det vises her til at lovens ordlyd entydig trekker i retning av at eierdomsskattelova § 7 første ledd bokstav a ikke kan tolkes utvidende. Hensynet til å respektere skillet mellom aksjeselskap og aksjonær og hensynet til å trekke klare grenser for hva som faller innenfor og utenfor bestemmelsen støtter dette. Departementet antar derfor at eierdomsskattelova § 7 første ledd bokstav a ikke gir hjemmel til å fritta fra eiendomsskatt en eiendom eid av en juridisk person som ikke selv oppfyller de øvrige vilkårene etter bestemmelsen, men der eieren – en stiftelse eller institusjon- gjør det, jfr. eierdomsskattelova § 7 første ledd bokstav a.»

Statsforvaltaren legg etter dette til grunn at det ved vurderinga av om vilkåra er oppfylt ikkje kan leggjast vekt på Sportsklubben Brann sine aktivitetar ved vurderinga av kva aktivitet søkjaren «tek sikte på». Saka må utelukkande avgjerast ut frå verksemda til Brann Stadion AS.

Spørsmålet er om Brann Stadion AS driv ei verksemd som er til fordel for ein kommune, eit fylke eller staten. Etter Finansdepartementet si oppfatning må spørsmålet om kva som skal reknast som slik verksemd baserast på ei konkret heilskapleg vurdering. Ved denne vurderinga må det mellom anna takast med i vurderinga om stiftinga eller institusjonen utfører oppgåver som elles måtte ivareta av det offentlege, om stiftinga eller institusjonen har til føremål å gå med overskot, om stiftinga eller institusjonen deler ut utbyte til medlemane og finansieringa av stiftinga eller institusjonen.

Etter § 3 i vedtektene til Brann Stadion AS har selskapet følgjande føremål:

«Selskapet skal eie, drive og utvikle fast eiendom og hva hermed står i forbindelse. Selskapet kan delta i andre selskap.»

Føremålet tilseier at selskapet i hovudsak skal drive utvikling og forvaltning av fast eigedom. I utgangspunktet kan ikkje selskapet med dette seiast å ha til føremål å utføre oppgåver som elles måtte ivareta av det offentlege.

Bakgrunnen for opprettinga av selskapet tilseier likevel at selskapet først og fremst skal forvalte stadionanlegget «Brann stadion» som er eit idrettsanlegg.

Til ein viss grad må bygging og drift av idrettsanlegg kunne seiast å vere ei offentleg oppgåve. Særleg må dette gjelde idrettsanlegg meint for å brukast av barn og unge, og innan breiddeidretten.

Som det er gjort greie for i eierdomsskattekontoret si saksutgreiing, så er det i all hovudsak elitelaget til Sportsklubben Brann som brukar Brann stadion til heimekampar og trening. Trening skjer likevel også på andre banar som ligg i tilknytning til eigedomen, men som ikkje er ein del av denne. Stadionanlegget er i liten grad open for annan aktivitet.

Etter Statsforvaltaren si vurdering er det ikkje ei offentleg oppgåve å finansiere eller drive eit stadionanlegg for eit lag i Eliteserien. Etter ei konkret heilskapleg vurdering av dei opplysningane



som ligg føre kan Statsforvaltaren dermed ikkje sjå at dei aktuelle eigedomane er eigedomar «*åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten*». Vilkårane i eigedomsskattelova § 7 bokstav a er då ikkje oppfylt.

Når vilkårane ikkje er oppfylte hadde ikkje Bergen bystyre høve til å gjere vedtak om fritak for eigedomsskatt. Det heftar derfor ein mangel ved innhaldet i bystyret sitt vedtak i sak 128/20, og vedtaket er derfor ugyldig.

I medhald av kommunelova § 27-3 fjerde ledd opphevar Statsforvaltaren Bergen bystyre sitt vedtak i sak 128/20.

Det kan ikkje klagast på Statsforvaltaren sitt vedtak.

Statsforvaltaren ber Bergen kommune orientere dei representantane som hadde sett fram kravet om lovlegkontroll om dette vedtaket.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Anne Kristin Eitungjerde
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent